



Øyagata i Gaupne sentrum manglar fortau frå kryss Kronstadvegen til kryss Gardavegen/bru over Jostedøla. Det er bygd ny barnehage i dette området og eit nytt byggefelt er snart ferdig utbygd. Kommuneplan vedteken i 2015 legg opp til eit nytt større byggefelt i det same området.

KOMMUNAL PLAN FOR TRAFIKKTRYGGING

Del 1 – generell del 2016 – 2028

Arkivsak 15/1199 Datert 01.08.2015
Vedteken i Kommunestyret 05.11.2015 K-sak 70/15
Sist revidert:

INNHOLD

1: Innleiing.....	3
1.1: Kvifor ein kommunal plan for trafikktryggleik?	3
1.2: Målet med plan for trafikktryggleik.....	3
1.3: Kva planen skal innehalde og kva regelverk gjeld?.....	3
1.4: Planstatus	4
2: Erfaringar med tidlegare plan	4
2.1: Historikk	4
2.2: Dette har fungert godt med tidlegare plan	4
2.3: Dette har ikkje fungert like godt:.....	4
3: Organisering av planarbeidet / planprosess	5
3.1: Oppstart	5
3.2: Innspel.....	5
3.3: Aktørar i planprosessen	5
3.4: Vedtak av planen.....	6
4: Status for Luster kommune	7
4.1: Riksvegar:	7
4.2: Fylkesvegar:.....	7
4.3: Kommunale vegar	9
4.4: Lovleg akseltrykk på kommuneale vegrar	10
4.5: Lovleg storleik for køyretøy på kommunale vegrar	10
4.6: Gjeldande brøyteinstruks for brøytning av kommunale vegrar (2010-2011):..	10
4.7: Strøing av kommunale vegrar	10
4.8: Veglys	10
4.9: Kommunalteknisk beredskap	11
4.10: Barnehagar, skular og ulike typar samfunnsbygg / møteplassar.....	11
5: Registrering av ulykker/ulykkespunkt	15
5.1: Tal frå statens vegvesen	15
5.2: Tal og opplysninga frå viltforvaltninga i kommunen.....	18
6: Utfordringar for Luster kommune	20
6.1: Oppfølging av kommuneplan – generell del – 2007 – 2018	20
6.2: Oppfølging av kommuneplan – arealdel	20
6.3: Oppfølging av eksisterande reguleringsplanar	22
6.4: Oppfølging av økonomiplan med planprogram.....	22
6.5: Søknad om eksterne midlar	22
6.6: Forbetre ulykkesstatistikken	23
6.7: Stadanalyse i Gaupne	23
7: Handlingsplan – landsiktig del	24
7.1: Handlingsskapande tiltak	24
7.2: Generelle, kommunedekkande tiltak	24

1: Innleiing

1.1: Kvifor ein kommunal plan for trafikktryggleik?

Luster kommune skal vera ein trygg kommune å bu i. Planen skal danne grunnlaget for at Luster kommune systematisk og målretta kan arbeide for å få betre trafikktryggleik i kommunen. Kommunen sitt hovudansvar er trafikktryggleiken langs dei kommunale vegane, men kommunen har også ansvar for at det vert jobba for å få betre trafikktryggleik langs fylkesvegane i kommunen.

1.2: Målet med plan for trafikktryggleik

Målet er at talet på trafikkulykker i Luster kommune vert redusert. Plan for trafikktryggleik er først og fremst eit planverktøy. Ved å setje eit overordna fokus på trafikktryggleik generelt og eit detaljert fokus på stader ein bør betre trafikktryggleiken, vil planen vera eit viktig arbeidsverktøy for alle som arbeider med samferdsle og planlegging i kommunen.

Mange tiltak verkar inn på samferdsla og trafikktryggleiken i kommunen. Nemnast kan lokalisering og utforming av nye bustadfelt, lokalisering av bygg med mange besøkjande og utforming av tilkomsten til desse, planlegging av nye vegar, drift og vedlikehald av eksisterande vegnett og politiske prioriteringar og løyvingar som gjeld desse tiltaka.

For å kunne søkje om fylkeskommunale trafikktryggingsmidlar må kommunen ha ein gjeldande kommunal plan for trafikktrygging.

1.3: Kva planen skal innehalde og kva regelverk gjeld?

Planen skal dokumentere eksisterande situasjon og setje fokus på dei utfordringane Luster kommune står over for. Planen skal vise kvar det skjer flest ulykker i dag og kvar ein kan forvente at det må setjast inn tiltak etter kvart som nye bustadområde og tiltak med stor trafikk vert utbygd.

Trafikktryggleik for skuleborn har eit stort fokus i planen. Både fordi dei mjuke trafikantane er spesielt sårbare og fordi planen har sitt grunnlag i prosjektet "Aksjon skuleveg". Plan- og bygningslova set klare krav til at omsynet til barn og unge skal takast spesielt vare på, både i kommunal og privat planlegging. Dette gjeld både medverknad, trivsel og tryggleik. Lova stiller også krav til eit prinsipp om universell utforming.

Det vart i 2014 underskreve intensjonsavtale mellom Luster kommune og Skadeforebyggende forum om utvikling av kommunen som eit trygt lokalsamfunn (TL). TL er eit WHO-konsept som vektlegg forankring, systematikk, langsiktigkeit og samarbeid på tvers av fagområde/organisatoriske skilje som metode i arbeidet for å førebygge skader og ulykker.

Kommunen har no starta arbeidet med å bli sertifisert. Folkehelserådet i kommunen er styringsgruppe for arbeidet. Kommunen har følgjande satsingsområder:

- Trygg skuleveg – gå/sykle til skulen
- Trygge eldre – førebygging av fall

- Landbruk – førebygging av ulykker
- Lokal skaderegistrering

1.4: Planstatus

Planen er ein kommunal plan vedteken av Kommunestyret. Hovudplanen, del 1, skal reviderast i kvar valperiode, dvs. kvart 4. år. Handlingsprogrammet, del 2, kan rullerast årleg.

Dei deler av planen som gjeld drift og utarbeiding av nye planar er styrt av økonomiplanen. Nye tiltak vert finansiert gjennom eigne budsjettmidlar, eksterne midlar og fondsmidlar og som ein del av nye, større utbyggingstiltak. Luster kommune ved eigedom har hovudansvar for revisjon/rullering av planen.

2: Erfaringar med tidlegare plan

2.1: Historikk

I februar 1999 gjorde kommunestyret vedtak om å starte opp med utarbeiding av kommunedelplan for trafikktrygging for Luster kommune. Denne planen vart vedteken i november 2001, K-sak 0071/01.

Handlingsprogrammet vart rullert i 2004. Så gjekk det fleire år utan rullering av verken plan eller handlingsprogram, men planen vart likevel nytta for prioritering av trafikktryggleikstiltak i kommunen.

Både plan og handlingsprogram vart revidert i 2011, K-sak 53/11.



2.2: Dette har fungert godt med tidlegare plan

Handlingsplanen har danna eit godt grunnlag for søknad om statleg støtte til Aksjon skuleveg. Mest alle tiltaka i den tidlegare planar som gjeld trygg skuleveg er utført. No står det difor att svært få tiltak i handlingsprogrammet som gjeld skuleveg. Fleire andre trafikktryggingstiltak er også utført, både på kommunale vegar og på fylkesvegar.

2.3: Dette har ikkje fungert like godt:

Hovuddelen av planen er nok litt lite nytta og det har stått liste over tiltak her som burde ha stått i handlingsprogrammet. Lista over tiltak i handlingsprogrammet er nokså omfattande. Sjølv om lista er forsøkt forenkla ved rulleringa i 2011, har det framleis vore vanskeleg å skilje på type tiltak og kvar dei er med omsyn til tidlegare kommunale vedtak og planar. I planprogrammet står mange større tiltak som krev eigen planlegging. Handlingsprogrammet kunne med fordel hatt fleire tiltak med mindre kostnadsramme og fleire tiltak som gjeld trygg skuleveg.

3: Organisering av planarbeidet / planprosess

3.1: Oppstart

Arbeid med Plan for trafikktrygging er forankra i planprogrammet til Luster kommune som vart vedteken av kommunestyret desember 2014 i samband med vedtak av økonomiplan. Ansvar for utarbeiding av revidert plan for trafikktrygging har vore delt mellom einingane plan og eigedom.

Leiar av arbeidet har vore Jan Magne Svåi – eigedom.

Frå plan Inger Handegård og frå teknisk drift Terje Arild Kveane.

3.2: Planprogram

Det er utarbeida eit planprogram for arbeidet med å revidere planen; ein plan for planarbeidet. Planprogrammet har vore ute til offentleg ettersyn og vart vedteke av kommunestyret 18 juni 2015 K-sak 36/15.

3.3: Innspel til planarbeidet

Arbeidet med planen har vore ein open prosess der ein gjennom annonse i Sogn Avis og på kommunen si heimeside, har oppfordra alle til å komme med innspel. Tal innspel har vore få denne gongen . Alle innspel er vurdert.

Det vart og lagt fram i fellesmøte med rektorar, oppvekstleiarar og barnehagestyrar. Eldrerådet, Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne og Lokalt brukarutval for samhandlingsreforma vart informert i møte 27. april 2015.

Det er mange aktørar og instansar i vegsektoren og i arbeidet med trafikktryggleik:

Statens Vegvesen:

- Har ansvar for planlegging, bygging, drift og vedlikehald av riks- og fylkesvegar og gang- og sykkelvegnettet i samband med dette vegnettet.
- Utfører trafikktryggingstiltak som veglys, busslommer, rekkverk m.m.
- Stiller krav til køyrety og kontroll av teknisk tilstand på bil/motorsyklar m.m.
- Gir bistand til fylkeskommunen og kommunane.
- Har føraropplæring og førarprøver.
- Har informasjon og kampanjeverksemnd.
- Har samarbeid om opplæring i skule/barnehage/friviljuge organisasjoner
- Gjev ut handbøker – m.a. Vegenormalane
- Har sekretærfunksjonen for Fylkestrafikksikkerheitsutval (FTU) og dermed og det praktiske ansvaret for utarbeiding av handlingsprogram og årsplan for trafikktrygging..

Fylkeskommunen:

- Tildeler tilskot til trafikktryggingstiltak på kommune- og fylkesvegar.
- Har ansvaret for fylkesvegnettet.
- Har ansvar for skuleskyss og anna transportløyve.
- Har ansvar for førebyggande helsearbeid

Kommunen:

- Har ansvar for planlegging, bygging, drift og vedlikehald av kommunale vegar og gang- og sykkelvegar langs desse.
- Er vedtaksmynne i arealplanlegging.
- Utfører trafikktryggingstiltak som veglys, fartsregulerande tiltak m.m.
- Har ansvar for opplæring i barne- og ungdomsskule.
- Har ansvar for førebyggande helsearbeid
- Skal utarbeide og fylge opp kommunale trafikktryggingsplanar.

Politi:

- Har informasjon/ kampanjar retta mot ulike målgrupper.
- Etterforskar og rapporterer trafikkulukker med personskader.
- Har vedtaksmynne for ein del trafikkregulerande tiltak
- Gir fråsegn i skiltsaker
- Politi, lensmann og Utrykkingspolitiet (UP) gjennomfører farts- og åferds/rådgjeving.

Busselskap og taxi

- Køyrer barn og ungdom til og frå skule og ulike arrangement.
- Er dei som ofte ser kvar det er størst behov for trafikktryggleikstiltak.

Andre:

- **Trygg Trafikk** koordinerer det frivillige trafikktryggingsarbeidet i fylket. Dei gir trafikkfagleg støtte til lag og organisasjonar gjennom kurs og ved å utarbeida undervisningsmateriell for bruk i skule og barnehage. Organisasjonen arbeider for å oppnå best mogleg trafikktryggleik for alle trafikantgrupper. Dei har tilsett sekretær i alle fylker. Trygg Trafikk hjelper også kommunane i trafikktryggingsarbeid.
- **Bilorganisasjonar** (NAF, MA, KNA...) deltek ofte økonomisk og på anna måte. Dette kan og gjelde andre trafikantorganisasjonar, t.d. Norges sykkelforbund.
- **Trafikkkulane** har og ei viktig rolle i trafikktryggingsarbeidet.
- **Foreldre** har ansvar for trafikkopplæring av eigne barn. Køyrer ofte barna til og frå barnehage, skule og arrangement.

3.4: Vedtak av planen

Plan og handlingsprogram skal vedtakast av Kommunestyret. Kommunestyret har det politiske ansvaret og løyver midlar til oppfølging av planen gjennom budsjettet.

Prioritering av tiltak i handlingsplanen vil skje ved rullering av handlingsprogrammet, og/ eller i budsjettarbeidet kvar haust.



Historisk bilde. Fylkesveg 55 ved Røneidstunnelen. Tunnelen er ein av dei farlegaste i distriktet og har sidan førre rullering av planen fått redusert fartsgrense til 70 km i timen. Den gamle vegen på utsida av tunnelen er opprusta og asfaltert og er fin gang- og sykkelveg i sommarhalvåret. Det er regulert gang- og sykkelveg frå Gaupne/Røneidsgrandane heilt til Marifjøra, men tiltaket manglar enno løyving.

4: Status for Luster kommune

4.1: Riksvegar:

Luster kommune har ikkje lenger riksvegar.

4.2: Fylkesvegar:

I Luster kommune er det 210 km med fylkesveg av varierande standard. Det er statens Vegvesen som har hovudansvar for vedlikehald av desse.

På fylkesvegnettet er det fleire tunnellar som er trafikkfarlege. Spesielt på grunn av at dei er mørke og smale.

Drift og vedlikehald av vegane vert utført av Mesta AS på funksjonskontrakt. Gjeldande kontraktsperiode er frå 01.09.2011 - 31.08.2016.

Når det gjeld oppgitt årsdøgntrafikk (ÅDT) er det viktig å merka seg at fleire vegar har ein betydeleg del av trafikken i sommarhalvåret og lite trafikk i vinterhalvåret.

Hovudutval for samferdsle har i møte 2. juni 2015 gjort følgjande vedtak som gjeld funksjonsinndeling av fylkesvegane i Luster kommune.

Funksjonsklasse A: nasjonale hovudvegar

Luster har ingen vegar i denne funksjonsklassen

Funksjonsklasse B – regionale hovudvegar

Vegar med regional funksjon, regional betydning, relativt mykje trafikk og viktige vegar for næringslivet. Det er fylkesvegar over ADT 1000 kjt/d og ein stor del lange reiser. Saman med riksvegane utgjer desse eit overordna transportnett.

Funksjonsklasse C – lokale hovudvegar

Vegar med viktig lokal, men også ein viss regional, funksjon der hovedfunksjonen er viktige sambandsvegar mellom funksjonsklassane A og B og samband til kommunesentra.

Funksjonsklasse D – lokale samlevegar

Vegar som bind saman bygder og grender eller gir hovudtilkomst til bygd eller grend. Viktigaste samband til turistmål eller større industriområde eller mellom mindre befolkningssentrer.

Funksjonsklasse E

Vegane har primært lokale funksjonar. Fungerer som samlevegar og er dominert av tilkomst til bustader og verksemder langs vegane. Det finnes nokre fylkesvegar med svært låg trafikk og avgrensa funksjon i denne funksjonsklassen og klassen passar for mange kommunale vegar.

Fylkesveg nr.	Funksjonsklasse	Merknad
FV 55	B	Regional hovudveg kommunegrense Sogndal-Skjolden. Ca. 45 km. Strekninga er ulikt trafikkert. Mest trafikk er det på strekninga Sogndal-Gaupne med ca. 2000 ÅDT (årsdøgntrafikk). I Skjolden er det ca. 1000 ÅDT.
FV 55	C	Nasjonal turistveg Sognefjellet frå Skjolden til grense Oppland. Ca. 30 km. Vinterstengt over fjellet/ved Turtagrø. På toppen av Sognefjellet berre er 3-400 ÅDT, noko som er naturleg då vegen er vinterstengt.
FV 604	C	Lokal hovudveg frå FV 55 i Gaupne til Høge bru i Jostedalen. Ca. 27 km. Strekninga fram til den gamle brua i Gaupne er mest trafikkert med 700 ÅDT. Vegen vidare har 400 ÅDT.
FV 334	C	Lokal samleveg Jostedalen frå Høge bru til Breheimsenteret. Ca. 7 km. 300-100 ÅDT.
FV 331	D	Lokal samleveg Skjolden – Ornes (Sørsida). Ca. 32 km og ca. 150 ÅDT.
FV 337	D	Lokal samleveg frå Stolpen via Hafslo sentrum til Veitastrond. Ca. 34 km. Stolpen- Hafslo sentrum har 500 ÅDT medan vegen vidare har 150 ÅDT.
FV 338	D	Lokal samleveg Solvorngalden - Solvorn 3,2 km og har 350 ÅDT.
FV 603	D	Lokal samleveg frå FV 55 til Marifjøra. Vegen er 0,5 km og har 250 ÅDT.
FV 331	E	Lokal tilkomstveg frå kryss på Urnes til Træ. 1,2 km.
FV 332	E	Lokal tilkomstveg frå Fortun og inn Fortunsdalen 6,4 km og har 250-100 ÅDT.
FV 333	E	Lokal tilkomstveg frå Skjolden inn Mørkridsdalen 5,7 km og har ca. 200-100 ÅDT.
FV 334	E	Lokal tilkomstveg i Jostedalen Frå Breheimsenteret til Fåberg. Ca. 5 km.
FV 335	E	Lokal tilkomstveg i Jostedalen frå Høge bru til Espe 3,9 km.
FV 335	E	Lokal tilkomstveg i Jostedalen frå Gjerde til Bergset. 5,4 km og har 200-100 ÅDT.

FV 336	E	Lokal tilkomstveg fra Marifjøra til Vedvik 5,0 km og har 100 ÅDT
FV 339	E	Lokal tilkomstveg på Indre-Hafslo fra Geitaneset til Ugulen 3,9 km og har 350-200 ÅDT.

Veglys fylkesveg

Luster kommune har 21 km fylkesveg med veglys. Med unntak for tunnelane har Luster kommune ansvaret for vedlikehaldet av veglys på fylkesveg.

4.3: Kommunale vegar

Luster kommune er ein geografisk stor kommune med sine 2700 km², men kommunen er liten i folketal med 5049 innbyggjarar ved utgangen av juni 2015.

Kommunen eig og forvaltar eit omfattande vegnett på om lag 120 km. Om lag 70 km av vegnettet er asfaltert, og 50 km er grusveg. Vegane har svært varierande standard.

Kommunen har ansvar for ca. 7 km med fortau og gang- og sykkelveg som vert vedlikehalde og brøytt om vinteren. Av dette er det ca. 4,5 km på Hafslo, 2,5 km i Gaupne og 1 km i Skjolden. Torg og plassar kjem i tillegg til dette. Det er bygd 1 km gangveg i Luster som ikkje er kommunal.

I 2005 vart det utarbeida tilstandsrapport for det kommunale vegnettet. Denne rapporten vert revidert årleg. Kommunen har god oversikt over tilstanden på det kommunale vegnettet. Vegane med fast dekke er i bra stand, men det vil alltid vere trond for reasfaltering. Grusvegane er av varierande kvalitet. Alle grusvegane må forsterkast og utbetrast før det kan leggast fast dekke på dei. Kostnaden vil vere så stor at dei fleste av dagens grusvegar bør vere grusvegar og i framtida.

Dei fleste vegane har mangelfulle grøfter og därlege stikkrenner. Mange vegar manglar sikring, men smal vegbane og manglende vegskulder gjer at det mange stader er uråd å setje opp rekksverk eller støypekant.

Kommunen har dei siste åra løyvd 2,0 mill. kr. til reasfaltering av kommunale vegar og forsterking/ standardheving av kommunale vegar generelt. Kommunen har også ei årleg løying til drift av private vegar.

På kommunale vegar er det fleire bruer, av varierande standar og akseltrykk. Luster kommune har avtale med firma som gjennomfører bru inspeksjon med jamne mellomrom. Inspeksjonen avdekker om det må gjennomførast tiltak for å oppretthalde tilstande på bruene. Men det er også behov for tiltak for å lette betre køyreforhold for større køyretøy.

På kommunal veg er det ein tunnell, Vigdalstunnellen.

4.4: Lovleg akseltrykk på kommunale vegar

Lovleg akseltrykk på dei kommunale vegane varierer mellom 5, 8 og 10 tonn. Gamle Eide bru og gamlebrui på Røneid er nedklassifisert til 2 tonn akseltrykk. Luster kommune har ikkje restriksjonar på akseltrykk i teleløysinga om våren.

4.5: Lovleg storleik for køyretøy på kommunale vegar

Dei kommunale vegane har ei lovleg breidde for køyretøy på 2,55 meter. Lovleg lengde for vogntog varierer frå 18,75 m for nokre av hovudvegane ned til 10,00 m på mindre vegar.

4.6: Gjeldande brøyteinstruks for brøyting av kommunale vegar (2012-2017):

- Vegar inkludert gang- og sykkelvegar og fortau skal vere gjennombrøyta før snømengda på vegen overstig 8 cm våt snø og 12 cm tørr snø.
- Vegar inkludert gang- og sykkelvegar og fortau og plassar skal vera gjennombrøyta innan kl. 06.00 på kvardagar og kl. 07.00 på søn- og helgedagar.
- Det skal brøytast etter alle snøfall større enn 5 cm.
- Snørydding i kryss skal gjerast samstundes med eller rett etter at brøyting er gjort.
- Snø framom og på trafikkskilt som betyr noko for trafikktryggleiken, skal ryddast rett etter avslutta brøyting/ snøvær.
- Beredskapsperioden er frå 01.10. til 01.05. kvart år/ brøytesesong.

4.7: Strøing av kommunale vegar

Strøing skjer etter eigne vurderingar og etter melding frå publikum.

4.8: Veglys

Luster kommune har 14 km kommunal veg med veglys. I tillegg har kommune ansvar for lys på mange parkeringsplassar, parkanlegg med gangvegar m.m.

Luster kommune har innført nattsløkking av veg og gatelysa i kommunen. Den generelle sløkkjetida er frå kl.00.30 – kl.06.00. I sentrumsområder vert ikkje lysa sløkt før kl.02.00 fredagar og laurdagar. På nokre få stader (tette sentrum) er det ikkje nattsløkking.

Teknisk drift tek ein runde årleg for å skifte pærer m.m. i samband med at lyset vert slått på. Det vert ikkje reist ut for å skifte enkeltpærer. Dersom nokon registrerer feil på veglys, kan dette meldast til servicetorget.

4.9: Kommunalteknisk beredskap

Vakttelefon vegar:

I kontortida mellom kl. 08.30 - 15.00 skal ein ringja servicetorget .tlf. 57 68 55 00. Vakttelefonen for vegar utanom kontortida er på mobil 48 10 21 20 (kommunalteknisk beredskap).



Trafikkloysingane i kommunenesenteret bør forbetrast. Det er kort avstand mellom avkøyringa frå FV 55 mot sentrum til Gaupne og avkøyringa til Gaupnegrondane. Like etter avkøyringa kryssar gang og sykkelvegen mellom byggfelta og skule før det er avkøring til sentrum med busshaldeplass, rådhus, Prix, Byggmix, Pyramiden kjøpesenter, Lustrabadet bibliotek og skule.

4.10: Trygg barnehage- og skuleveg

Barn- og unge har ei særstilling i kommunal plan for trafikktryggleik, og trygg skuleveg vert høgt prioritert i planen.

Barnehagar:

Luster kommune har i 2015 åtte barnehagar med ca. 300 plassar. Barna vert fylgt til barnehagen av foreldre til fots, på sykkel eller dei vert køyrt til barnehagen i privatbil. I den tida ungane er i barnehagen er dei på spaserturar frå barnehage til friområde i nærområdet. Det er difor svært viktig at alle barnehagane i kommunen har trygg gangveg som kan nyttast av dei som bur i nærområdet og for barnehagen sjølv når ungane skal ut på turar med barnehagen. I tillegg er det viktig at vegen til barnehagen og parkeringsplassar som vert nytta ved levering/henting av barn er trygge.

Skular:

Kommunen har i 2015 ni barneskulekrinsar og to ungdomsskulekrinsar. Samla elevtal i grunnskulen er om lag 670. Det er eit sterkt ønske at flest mogleg av dei

barna som bur i nærleiken til skulen og som ikkje har krav på fri skuleskyss, skal kunna gå eller sykle til skulen på ein trygg skuleveg; dvs. på fortau eller på gang- og sykkelvegar. Mange ungdommar i Luster går på vidaregåande skule i Sogndal og pendlar dagleg eller kvar veke mellom skule og heim.

Dei som kjem til skulen med skulebuss må ha trygg veg langs kommunalveg/fylkesveg til busshaldeplass og frå busshaldeplass til skule.

Elevar som vert køyrd til skulen av foreldre må ha trygg veg frå plassen der bilen stoppar og fram til skulen.

Dei fleste skulane har varelevering og bosslevering via skuleplassen. Dette er ikkje nokon god løysing når det gjeld trafikktrygging då slik levering foregår i skuletida.

Mange av skulane har aktivitetar på kveldstid for barn og unge. For aktivitetar på kveldstid er trafikkbiletet omtrent det same som på dagtid, men skulebussen er erstatta av privatbilen. På dei fleste skuleplassane er det opna opp for køyring på skuleplassen på kveldstid.

Samfunnsbygg og andre møteplassar:

Fleire av samfunnsbygga er samlokalisert med skulen, men ikkje alle. Dersom elevar går frå skule til samfunnsbygg eller idrettshall/symjebasseng må ein også sjå på dette trafikkmönsteret som ein del av trygg skuleveg. Det er også viktig å sjå på tryggleiken på tilkomst frå busshaldeplass til bygg/møteplassar som vert mykje nytta av barn og unge på ettermiddag og kveldstid.

Gaupne:

Det er ny barnehage i Gaupne. Barnehagen har tilkomst via Øyagata og den kommunale vegen Gardavegen. Det er ikkje gangveg/fortau til den nye barnehagen.

Barneskule, ungdomsskule, Lustrabadet og biblioteket og ligg midt i sentrum og har tilkomst via Øyagata og busslomme i sentrum. Mange, men ikkje alle byggefelta i sentrum, har trygg nok tilkomst for mjuke trafikantar.

Ungdomsskulen tek i mot elevar frå Jostedal, Indre-Hafslo, Luster, Skjolden og Fortun. Det er bygd ny busslomme i Gaupne for bl.a. skulebussane og det er gangveg frå denne til skulen.

Sentralidrettsanlegget og idrettshallen ligg sentrumsnært med god tilkomst via fortau/gang- og sykkelveg. Nytt badeanlegg er bygd midt i sentrum med trygg tilkomst frå skule, busshaldeplass og byggefelta i nord. Biblioteket ligg i kjøpesenteret Pyramiden. Tilkomsten frå byggefelta mot sør aust går via uteområdet til kjøpesenteret Pyramiden. Her er det ikkje gode nok løysingar for gåande, syklende, handlande, dei som arbeider her, varelevering og oppstilling/parkering av bussar.

For å komma til fjorden og til Parken som er 1000 års staden i Gaupne med naturleikeplass mm, må ein krysse FV 55. Fartsgrensa er sett ned til 50 km i timen og det er bygd opphøga gangfelt. Det er eit to mindre undergangar under FV 55 retning

Parken. Desse er for låga til at ein vaksen person kan gå oppreist eller sykle. Flo og grunnvatn er utfordringane for å få til større undergangar under fylkesvegen.

Indre Hafslo:

Her er det ny skule med gode trafikale forhold. Barnehage og barneskule er samlokalisert. Her ligg også ei stor grusbane. Tilkomst er via fylkesveg 339. Bak skulen er det friområde/leikeområde og turveg.



*Skulebuss og rutebuss stoppar og snur på billagstomta på Hafslo.
Det er gjort vedtak om at denne tomta skal regulerast/byggast ut.*

Hafslo:

Det er to barnehagar på Hafslo. Gamlestova barnehage ligg ved fylkesveg 331 like etter avkjøringa mot Hafslo sentrum. Det er opparbeida ein parkeringsplass for tilsette på motsett side av fylkesvegen. Levering av barn foregår inntil barnehagen.

Hafslo barnehage er samlokalisert med skulane og samfunnsbygg lengst sør i sentrum. Tilkomst er fra fylkesvegen. Hafslo barnehage er nyleg utvida og har fått avkørsle og ny parkeringsplass som løyser tidlegare trafikale problem i området. Det er også bygd ny ballbane i dette området. Det er god tilkomst til Hafslovatnet fra skuleområdet.

Bussoppstilling for skulebussane er i den andre enden av sentrum. Elevane lyt gå gjennom skuleområdet eller sentrum for å komma til bussen. Det er fortau/bilfri gangveg mellom skule og buss. Sjølve bussoppstillinga kunne vore betre då bussane snur ved å køyre rundt den gamle bussgarasjen. Dette områdeter lagt ut som bustadområde/sentrumsområde i gjeldande kommuneplan. Det vert ei utfordring å få kombinasjonen bustader/bussoppstilling/snuplass og busshaldeplass til å fungere på ein trygg måte.

Mange barn og unge bur på Hestnes og Galden. Det er gang- og sykkelveg frå desse byggefelta fram til Hafslo barne- og ungdomsskule.

I Moane er det bygd opp eit stort anlegg for fotball. Det er ikkje gangvegsamband frå sentrum til dette idrettsanlegget.

Veitastrond:

Barnehage, barneskule og samfunnsbygg er samlokalisert. Det er direkte tilkomst frå fylkesveg 337 til asfaltert uteområde. Fartsgrensa i området er 60 km/t, skilta barn. Om vinteren kan det vere høge brøytekantar som gir dårligare sikt. Parkeringsplass er ved kapellet, avstand i underkant av 100 m. Det er ikkje gangveg/fortau frå parkeringsplass til skulen.

Jostedal:

Barnehage, barneskule og samfunnsbygg er samlokalisert. Det er tilkomst via fylkesveg 335. Det er ca. 5 km frå byggefeltet på Gjerde til skulen (via fylkesvegen) så dei fleste elevane kjem med skulebuss. Det manglar snuplass for buss. Bussen må snu inne på skuleplassen, noko som er ei svært därleg løysing.



*FV 55 gjennom bygdesenteret Luster manglar gang/sykkelveg eller fortau forbi gravplassen.
Dette er skulevegen for ungane i bygda som bur sørvest for skulen.*

Luster:

Barnehagen er samlokalisert med barneskule og samfunnshus og har tilkomst via fylkesveg 55. Her er også fotballbane. Det er bygd einsidig busslomme nær barneskulen. Skuleelevar som kjem frå Steinabakkane lyt i dag gå langs/på fylkesvegen forbi gravplassen, då det ikkje er fortau her. Arbeid har starta opp for å regulera sentrumsområdet og eit av formåla med reguleringa er å få fortau forbi gravplassen. Området ved den gamle taubana er problematisk både for gåande og køyrande, men situasjonen har betra seg då den delen av taubana som var over vegen no er fjerna. Det manglar gangvegsamband frå vegen til Steinabakkane til

gangvegen som går til taubanestasjonen. For å komma til skulen lyt elevane frå Steinabakkane krysse FV 55 to gonger.

Friområdet Ekserplassen ligg ved fjorden på motsett side av FV 55. Dette betyr kryssing av fylkesvegen for å kunne nytta dette området.

Skjolden:

Barnehagen er samlokalisert med barneskulen og har tilkomst via den kommunale Bolstadvegen. Her er det ny skule med gode trafikale forhold. Samfunnsbygget Fjordstova i Skjolden har bl.a. symjebasseng og ligg i sentrum. Skule/barnehage lyt krysse FV 55 for å få tilgang til Fjordstova. Busslomme ved FV 55 retning Gaupne er oppgradert og det er bygd nytt gangfelt over FV 55.

I Skjolden er det bygd idrettsanlegg på ei side av fylkesveg 55 og det er bygd badepllass på den andre sida. Det er ikkje regulert kryssingspunkt for gåande mellom dei to aktivitetsområda. Det manglar også gangveg/fortau frå sentrum over bruа.

Solvorn:

Barnehage og barneskule er samlokalisert og har tilkomst via kommunal veg. Elevar frå Ornes kjem med ferje og går til skulen. Om sommaren er badestranda i Solvorn mykje nytta av både Lustringar og turistar, og det er då store problem med parkering og snuplass for buss i sentrumsområdet.



Trafikkforholda i Solvorn kan vera svært problematiske ein fin sommardag.

5: Registrering av ulykker/ulykkespunkt

5.1: Tal frå statens vegvesen

I fylgje statistikk frå Statens Vegvesen frå perioden 2000-2014 har det vore fleire trafikkulykker i kommunen med 6 drepne og 144 skadde. Storparten er lettare skadd. Vegkart frå Statens Vegvesen viser at Luster kommune ikkje har spesielt utsette ulykkespunkt eller ulykkesstrekningar. Ulykkene er meir tilfeldige når det gjeld tid og stad.

FV 55 har flest ulykker

FV 55 er ein 73,7 km lang strekning som er mykje trafikkert så det er ikkje unormalt at denne vegstrekninga toppar statistikken med ulykker.

Er det mørkt eller lyst, berr veg eller isdekt veg når ulykkene skjer?

Ser me på lys- og føreforhold når ulykkene har skjedd, så har heile 75% av ulykkene skjedd i dagslys. Halvparten skjedde på tørr, berr veg, 1/6 på våt, bar veg og 1/3 på snø eller isdekket.

Berre 6% av ulykkene skjedde i tussmørke og dei fleste var på snø/isdekket. 19% av ulykkene skjedde når det var mørkt og nokså likt fordelt på tørr, bar veg, våt, berr veg og snø/isdekket.

I kva månad er det flest ulykker?

Ser ein på kva månader som har flest ulykker så er sommarmånadane naturleg nok sterkt representert. I dei månadane er det stor del turistar i kommunen. Spesielt august skil seg ut frå landsgjennomsnittet med 14.1% av ulykkene, mot 9.9% i snitt.

Kva tid på dagen skjer ulykkene?

Frå klokka 12.00 til 18.00 skjer heile 64,7% av alle ulykkene. I tida 12.00 til 14.00 skjer 21,2% av ulykkene, i tida 14.00 til 16.00 skjer 25.9% av ulykkene og i tida 16.00 til 18.00 skjer 17,6% av ulykkene.

Kva vekedag er det flest ulykker?


Det er minst ulykker torsdagar (11.8%), fredagar (10.6%) og søndagar (12.9%). Flest ulykker er det klart på laurdagar med 20% av ulykkene.



Mange av ulykkene skjer på FV 55 på strekninga grense Sogndal kommune til Hafslo. Svingane mellom Oklevik og Osen har mange ulykker. Det har vore fleire ulykker, inkludert ei dødsulykke i kryss avkjøring til Galden. Denne ulykka skjedde i 2009. Statens Vegvesen bygde i 2011 ei forbikøyringslomme i dette krysset for å betra trafikktryggleiken.

Tabell 1. Drepte og skadde i veitrafikkulykker. Valgt region. 2000-2014.

Region/Kommune	År	Antall personer drept og skadd i veitrafikkulykker		
		Drepte og skadde	Drepte	Skadde
Luster	2000	15	0	15
Luster	2001	11	0	11
Luster	2002	15	1	14
Luster	2003	9	0	9
Luster	2004	27	1	26
Luster	2005	6	0	6
Luster	2006	4	1	3
Luster	2007	10	0	10
Luster	2008	8	0	8
Luster	2009	7	1	6
Luster	2010	4	0	4
Luster	2011	12	1	11
Luster	2012	10	0	10
Luster	2013	5	1	4
Luster	2014	6	0	6

Kilde: Statistisk sentralbyrå - SSB ↔ Bearbeiding: KommuneProfilen






Ras ved FV 55 Røneidstunnelen. Vegane i Luster kommune går for ein stor del i rasutsett område.

5.2: Tal og opplysninga frå viltforvaltninga i kommunen

Viltforvaltninga har registrert 24 stader i kommunen der det er registrert oftare ulykker mellom hjortevilt og bil enn andre stader.

FV 55:

Ein stad peikar seg klart ut som den mest ulykkesbelasta. Det er hjortetrekkvegen over FV 55 ved Marheimsgjelet. Denne trekkvegen vert nytta mest heile året og det har vore 20-25 påkøyrslar her i ein femårs-periode. Staden vert rekna som farleg. Den er ikkje merka med skilt kryssande vilt. Viltforvaltninga har ikkje forslag til korleis ein kan få sikker veg både for hjort og biltrafikken i dette området.



Utsnitt frå ortofoto som viser kvar hjorten kryssar FV 55 ved Marheimsgjelet.

Andre farlege kryssingspunkt over FV 55:

Hafslø:

Like før Oklevik, der vegen opp til revegardane tek av frå fylkesvegen: Her er det mest påkøyrslar vår og haust. Dette er trekrute for flytting mellom sommar- og vinterbeite.

Mellan avkøyringa til skisenteret og avkøyringa til Mollandsmarki: Her er det mest påkøyrslar vår og haust. Dette er trekrute for flytting mellom sommar- og vinterbeite.

Indre-Hafslø:

Mellan avkøyringa til Lambhaug og avkøyringa til gamle bosplassen og Li: Hjorten oppheld seg her om sommaren.

Mellan gardane Moseng, Vinda og Vad: Hjorten oppheld seg her om sommaren.

Gaupne:

Etter Røneidstunnelen og før den vesle moloen: Hjorten kryssar fylkesvegen for å komma ned til fjorden. Problemet er størst i sommarhalvåret.

Nes:

Nær kyrkja: Krysning i vinterhalvåret. Her er det nyleg ordna til eit hjortegjerde, så hjorten er kanskje stengd ute.

Nærare Hundaviki: Krysning i vinterhalvåret.

Høyheimsvik:


Mellan Flahamar og badeplassen ved Skjeret: Krysning i vinterhalvåret.

Skjolden:

To kryssingspunkt mellom Fjøsne og sjølve Skjolden der det er krysning i vinterhalvåret.

Krysning i øvste del av Eidsvatnet, ved Vadøyane og like før Legene.

Begge desse punkta har mest krysning i vinterhalvåret, men dei er utrygge heile året.



6: Utfordringar for Luster kommune

Kommunal plan for trafikktryggleik har som mål å fanga opp alle utfordringar som gjeld tryggleiken til innbyggjarar og besøkande i kommunen. Trygg skuleveg er sentralt i dette arbeidet. Stader med hyppigare ulykker og stader der det ofte er nestenulykker er sentrale. Vedteken kommuneplan skal fylgjast opp. Utbygging av nye bustadfelt, nye vregar og andre bygg/anlegg som medfører auka trafikk eller endra trafikkmönster, må gå fram av denne planen.

6.1: Oppfylging av kommuneplan – generell del – 2013 – 2024

Vedteken av kommunestyret i juni 2013, K-sak 48/13.

Fokusområde i kommuneplan – generell del:

Luster – ein god stad å bu, – ein god stad for bedrifter, – ein god stad å besøkja

Kommunestruktur:

Kommunesenter: Gaupne. (Bygdesenter for dei som bur i Gaupne og nærområdet).

Bygdesenter: Hafslo, Jostedal og Skjolden.

Bygdelag: Solvorn, Veitastrond, Indre Hafslo, Luster, Fortun, Sørsida av Lustrafjorden

Infrastruktur - hovudmål:

Ein framtidsretta infrastruktur som sikrar busetnad og næringsliv i Luster

Oppretthalda og vidareutvikla samferdselsnettet både internt i kommunen og regionale / nasjonale samferdselsprosjekt.

Tiltak – slik gjer me det:

Etablera ein «KTP-Luster» (Kommunal TransportPlan – Luster) som grunnlagsdokument for kommunen si satsing og prioritering på offentleg transport/og kommunikasjonsnett i kommunen med fokus på desse oppgåvene:

- Fylkesvegar
- Kommunale vregar
- Private vregar - tilskotsordningar
- Gang- og sykkelvegnett
- Gateljos
- Parkeringsplassar i utfartsområde
- Ferjedrift
- Anlegg for drivstoffylling for småbåtar
- Ladestasjon for el-bil i Gaupne

6.2: Oppfylging av kommuneplan – arealdel

Vedteken av kommunestyret mars 2015, K-sak 13/15

Det er fleire større tiltak i arealplanen som vil føre til vesentlege endringar i eksisterande trafikkbilete og som vil føre til dårlegare trafikktryggleik i kommunen

dersom det ikkje vert gjort tiltak med fokus på trafikktrygging. Alle tiltaka som er lista opp her er også teke inn i handlingsprogrammet.

Nytt bustadfelt Grindane i Gaupne

87 bueiningar – må regulerast – det er ca. 500 meter til nærmeste fortau som går langs Øyagata og som fører inn mot Gaupne sentrum og skule.

Nytt bustadfelt Prestegarden på Hafslo

60 bueiningar - 1,5 km frå sentrum - må regulerast – Kommuneplanen har krav om ny gang- og sykkelveg til Hafslo sentrum og skule før feltet kan realiserast.

Nytt byggeområde bussgarasjetomta på Hafslo

8 bueiningar - må regulerast - det må finnast tilfredstilande løysing for busstopp skulebuss og rutebuss før utbygging.

Utviding av eksisterande bustadfelt Solbakken på Hafslo

7 nye bueiningar – gammalt felt som ikkje er regulert. Ligg ca. 320 meter frå eksisterande gang- og sykkelveg som fører inn til Hafslo sentrum/skule.

Ny bru og veg mellom Espe og Gjerde

Spesielt viktig for gåande/syklande som alternativ veg mellom sentrum og skule. Vegen kan også nyttast som alternativ bilveg dersom fylkesvegen på andre sida av dalen vert stengt av snøras eller anna.

Småbåthamn Solvorn

Før realisering må det byggast ny veg til sjøen frå fylkesvegen. Eksisterande sti frå Solvorn bør oppgraderast til betre sti alternativt gang- og sykkelveg.

Gondolbane Skjolden

Det må finnast løysingar som gir sikker tilkomst for både dei som kjem køyrande for å bruke bana (frå kryss fylkesveg 55 til parkering) og for gåande (frå cruisekai og parkeringsplassar i sentrum).

Sognefjellstunnelen og Årdalstunnelen

I tillegg til sjølve tunnellpåhogga vil bygging av desse tunnelane føre til vesentleg meir trafikk på FV 55 enn i dag. Fleire av vegstrekningane frå grense mot Sogndal til tunnellpåhogga har ein vegstandard som er dårlig. Vegen er både smal, svingete og har stor stigning. Vegen opp Indrebygdi er brattare enn det som er krav for ein stamveg som vil få mykje tungtrafikk. Veg mellom Nes og Fortun er ein del av ein nasjonal turistveg, den er smal, kronglete og med busetnad heilt inntil vegen. Ei opprusting av denne vegen til stamvegstandard vil rasere bygdelaga i dette området. Vegen mellom dei to tunnellpåhogga i Fortun har også låg standard og krysset mellom turistvegen over Sognefjellet og stamveg vil vera ei utfordring å løyse.

Turveg rundt Hafslovatnet

Kryss ved Osen er den største utfordringa. Dagens skogsbilveg/veg inn til dam har svært dårlig sikt og det er ikkje ynskjeleg med større trafikk her. Det er heller ikkje ynskjeleg med fleire gåande eller syklande langs FV 55 på den 2,5 km lange strekninga frå Osen til eksisterande gang- og sykkelveg ved Hestnes. Langs fylkesvegen mot Veitastrond manglar det ca. 2,6 km med gang- og sykkelveg frå

krysset ved Moane til planlagt byggefelt på Prestegarden. Moane har store fotballbaner og er eit mykje nytta turområde. I kommuneplanen er Moaholten lagt ut som stort hytteområde. Ein gang- og sykkelveg frå sentrum til Moane vil difor kunne få mange brukarar.

6.3: Oppfølging av eksisterande reguleringsplanar

Luster kommune har mange reguleringsplanar. Ikkje alt som er regulert er utbygd.

Her er ei opplisting av regulerte; men ikkje bygde tiltak, som ved utbygging vil føre til forbeteringar av trafikktryggleiken i kommunen. Det er i reguleringsplan for Skjolden vist gangfelt på bruva over Mørkridselva, men det viser seg at dette er ikkje gjennomførbart utan å bygge ny bru, noko som igjen vil medføre ny regulering. Tiltaket er difor ikkje tatt med her. Alle dei opplista tiltaka er innarbeida i handlingsprogrammet.

Stad	Plan ID	Plannamn	Tiltak
Skjolden	2013002	Tursti Vad.-Nym.	Tursti langs vatnet/FV 55
Luster	1987001	Dale	Fortau/g-s-veg langs FV 55
Høyheimsvik	2007002	Høyheimsvik	Busslomme mot fjorden
Nes	2010005	Neshøgdi	G/s.veg mellom busslommer
Gaupne	1987003	Røneidsgrandane	Gang- sykkelveg langs FV 55
Gaupne	1998002	Gaupne	Gang- s-veg skule/elv
Gaupne	2009007	Engjadalsvegen	Fortau langs vegen
Gaupne	2011002	Verket 2	Fortau langs Gardavegen
Gaupne/M.fj	2011010	Turveg G-Mfj	Turveg langs fjorden
Marifjøra	1999002	Marifjøra	Gangveg til småbåthamn
Jostedal	1998001	Haugåsen	Gang- og sykkelveg langs FV
Hafslo	2002001	Heggmyrane	Gang- og sykkelv. langs FV 55
Hafslo	2008003	Skuleområdet	Gangv. frå sentrum til småbåth

6.4: Oppfølging av økonomiplanen

Luster Kommune vedtek årleg eit budsjett for det kommande året, og ein økonomiplan og eit planleggingsprogram for dei kommande fire åra. Planleggingsprogrammet viser kva planarbeid som skal prioriterast i kommunen i dei neste fire åra.

6.5: Søknad om eksterne midlar

Kommunen søker årleg om fylkeskommunale trafikktryggingsmidlar til mindre tiltak som tryggjer vegen for mjuke trafikantar. Tildelinga av midlar krev min. 40% eigendel frå kommunen.

6.6: Forbetre ulykkesstatistikken

I tillegg til fysiske utbetringar av vegane, busslommer, nye fortau, gang- og sykkelvegar, er haldningar og opplæring både hjå dei som kører bil og som går/syklar i trafikken svært viktig. Trafikktryggingsarbeidet, frå fysiske tiltak til det å endra haldninga, må vera ein naturleg del av kommunen sitt arbeid.

Luster kommune arbeider for systematisk og målretta trafikkopplæring i både barnehage og grunnskule. Foreldra må gå føre som gode førebilete. Trygg Trafikk er ein viktig samarbeidspartnar.

Politiet og Statens Vegvesen har ansvar for opplæring av nye billistar, kurs for eldre billistar (+65), informasjon og kontrollar av ulike slag. Det er eit ynskje om meir synleg politi på vegane.

6.7: Stadanalyse i Gaupne

Stadanalyse Gaupne vert utført sommaren 2010 av ABO plan&arkitektur. Stadanalysen set fokus på eit gjennomgåande system med sikre fortau, gang- og sykkelvegar i heile kommunesenteret. I dag har dei privatbilar, Parkering av bilar for dei som jobbar, handlar og besøkjer sentrum, varelevering og bussparkering har til no vore prioritert høgast i sentrum. Ved å setje fokus på dei gåande og syklande kan ein både få betre tryggleik og trivsel. Store deler av Gaupne er flatt og høver for sykling. Målet er at alle som bur i Gaupne og turistar lettare skal kunne komme seg til både sentrum, fjorden og turområda i nærområdet via eit samanhengande nett av fortau, gang- og sykkelvegar og stiar. Dette turvegnettet bør så langt råd ligge i grøne korridorar langs vassdrag og på gamle ferdelsvegar.

Stadanalysen stiller spørsmål rundt avkøyringa til sentrum som i gjeldande reguleringsplanen er vist som rundkøyring. Fleire andre løysingar vert sett på som meir aktuelle. Sikker er det at noko bør gjerast med avkøyringa til sentrum og vidare til kontor, butikkar og Lustrabadet. Bussoppstilling av bussar som ikkje er i rute bør vekk frå sjølve sentrumskjernen.



Avkøyringa til sentrum er ein av utfordringane i Gaupne.

7: Handlingsplan – langsiktig del

7.1: Handlingsskapande tiltak

Tiltak:	Ansvar:
Opplæring av barn i barnehage og Barneskule	Skulen, Trygg Trafikk
Oppmoda til bruk av sykkelhjelm	Skulen, foreldre
Oppmoda til bruk av refleks	Skulen, foreldre
Oppmoda til bruk av bilbelte	Skulen, foreldre, Sogn billag, statens Vegvesen, Politi
Gjennomføring av trafikkontrollar (fart, bilbelte, alkohol)	Politi, Statens Vegvesen
Kurs for eldre billistar 65+	Statens Vegvesen

7.2: Generelle, kommunedekkande tiltak

Tiltak i heile kommunen:	Ansvar:
Rassikring av vegar med vekt på skulevegar	Statens Vegvesen/Fylkeskommunen, Luster kommune
Fysisk utbetring av trafikkfarlege punkt	Statens Vegvesen/Fylkeskommunen, Luster kommune
Fjerne sikthinder i vegkryss heile året	Statens Vegvesen/Fylkeskommunen, Luster kommune
Godt vedlikehald av vegane	Statens Vegvesen/Fylkeskommunen, Luster kommune
Godt vintervedlikehald med brøyting, salting og strøing	Statens Vegvesen/Fylkeskommunen, Luster kommune
Lokale transporttilbod for ungdom "Heim for ein 50-lapp"	Statens Vegvesen/Fylkeskommunen, Luster kommune
Utbygging av gang- og sykkelvegar og fortau	Statens Vegvesen/Fylkeskommunen, Luster kommune
Veglys på stader med stor trafikk, kryssande trafikk, gåande og syklande	Statens Vegvesen/Fylkeskommunen, Luster kommune
Sikre der gåande/syklande kryssar trafikkert veg	Statens Vegvesen/Fylkeskommunen, Luster kommune
Fartsdempande tiltak der det er spesielle behov	Statens Vegvesen/Fylkeskommunen, Luster kommune
Trygg skuleveg	Statens Vegvesen/Fylkeskommunen, Luster kommune
Trygge nærområde til skular/barnehagar med oversiktlege trafikkforhold	Statens Vegvesen/Fylkeskommunen, Luster kommune
Trygg av/påstigning av skulebussen	Statens Vegvesen/Fylkeskommunen, Luster kommune, Sogn billag
Busskur på haldeplassar/busslommer	Statens Vegvesen/Fylkeskommunen, Luster kommune